

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: Kommunehuset/Kvernes
Møtedato: 13.06.2005 **Tid:** 10.30 – 18.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Jon Magne Bogevik

I staden møtte:

Olaug Karin Øystese

Andre som var tilstade på møtet:

Kommunekasserar under sakene 25 og 26/05 og ass. adm.sjef t.o.m. sak 26/05 og adm.sjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 15. juni 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Olaug Karin Øystese etterlyste budsjettrapport og oppfølging av vedtak om reduksjonar i budsjettet.

Adm.sjef viste til sak om budsjettendringar der det både var peika på kva som var gjort i høve til kommunestyret sitt budsjettvedtak og ei drøfting av større avvik i driftsbudsjetta.

Helge Reistad ønskte at ulike problemstillingar for idrettshall vart sett på.

Ordførar informerte om at representantar for idrettslaget var innbydd til utval for oppvekst og omsorg og orienterte om tankar dei har om idrettshall.

Reistad ba om informasjon om kva som var gjort i høve til vedtak om opprusting av skulane med hjelp av skulelån.

Administrasjonen orienterte om at det har vore kontakt med Husbanken, og at det vert sendt ein samla søknad for dei to skulane. Prioritering av tiltak er kome lengst på ungdomsskulen og at drøftingar med Nordbygda vert sett i gang.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ras Liavegen, førebels rapport. Skriv frå innleigd entreprenør om status av 28.05.05 vart utlevert. Det vert hyrt inn geolog før det vert teke endeleg stilling til kva som bør gjerast. Sak om tillegsløyving vert då fremja.

Førespurnad om kjøp av tomt i industriområdet på Rolvsvåg. Føremålet med kjøpet er å etablere verksemd for bilopphogging/-oppretting og sal av bildelar. I skriv har kjøpar gjort greie for korleis dei ønskjer å nytta aktuell tomt, m.a. ved inngjerding av tomte og med mest mogleg av aktiviteten innandørs. Utvalet var viljuge til å selja tomte til denne aktiviteten under visse føresetnader. Utvalet drøfta og pris. Det var semje om at det ikkje lenger var aktuell politikk "å gje bort tomtene". For prising av den aktuelle tomte vart det vist til drøftingane i samband med tilrettelegging av det sist planerte arealet.

Barnehagetomt Gjerde – det vart vist til drøftingar og innspel frå arkitekt. Han har no fremja eit anna alternativ enn det som ligg i tidlegare skisseprosjektet som kommunestyret har bedt om vart lagt til grunn for arbeidet. I tillegg til å leggja barnehagen der barnehagen i dag er plassert, er det og spørsmål om barnehagen kan byggast utan at det vert gitt moglegheit til å etablere klasserom i andre etasje. PØ ønskte å få utgreidd alternativ med og utan moglegheit til ei andre etasje.

Drosjeløyve Samnanger kommune har vorte bedt om å gi uttale til ein søknad frå Norheimsund og Øystese Taxi om å få driva drosjeformidling i heile Hordaland. Administrasjonen vil gi ei tilbakemelding om at grunnlaget for drosjenæringa i Samnanger tilseier at andre ikkje får høve til å driva drosjeverksemd i kommunen.

Drøfting av kommuneplan.

Grunna mange saker og andre drøftingar vart det berre ca. ein time att av oppsett møtetid til å drøfta kommuneplan, framdrift i og organisering av arbeidet og starta prosessen med å utarbeida mål og visjonar.

Administrasjonsjef og ordførar hadde med nokre innspel som innleiing.

Utvalet står samla om at me vil verta ferdige med skriftdelen i kommuneplanen haust 2006/ seinast vår 2007. Sjølv om det her ikkje er lovpålagde høyringar, slik som ved utarbeidinga av arealdelen i planen, ynskjer ein medverknad frå innbyggjarar. Gruppa 30 + vart særleg nemnd. Dessutan vil me dra nytte av idear og innspel frå eigen organisasjon. Dette og grunna ei parallell evaluering av organisasjonen vår(k.st.vedtak 0010/05).

Debatten handla stort sett om å marknadsføra Samnanger som ein god oppvekst – og bukommune, om geografien/ naturan vår til inspirasjon og rekreasjon, om å vera ”god”og ikkje nødvendigvis ”best”, om evt. å våga satsa på/ spissa nokre få område i staden for å seia litt om alt.

PØ – utvalet bestemde seg for å ha ei dagsamling evt. med overnatting tidleg på hausten. Dette for å ta tid til ein grundigare og djupare debatt, og slik at me får utarbeidd eit ”grunnlagsdokument” for det vidare arbeidet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0022/05	05/00163 BJØRNEFJORDEN NÆRINGSUTVIKLING - EVALUERING.
0023/05	03/00142 BREIBAND TIL ROLVSVÅG - SPØRSMÅL OM KOMMUNAL GARANTI
0024/05	04/00211 SØKNAD OM TILSKOT TIL PUMPEHUS FOR VATN TIL BUSTADER I REGULERINGSPLAN FOR DEL AV ÅDLAND
0025/05	05/00107 TILLEGGSLØYVINGAR 2005 - SAMNANGER KYRKJESTYRE
0026/05	05/00212 BUDSJETTENDRINGAR 2005
0027/05	05/00141 Unnateke off. innsyn §6 TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - INE A. LIØEN.
0028/05	05/00096 Unnateke off. innsyn §6 TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET- GJERDE

0022/05

BJØRNEFJORDEN NÆRINGSUTVIKLING - EVALUERING.**Handsaming i møte:**

Dagleg leiar i konsulentfirmaet SMI Jan Magne Stensrud orienterte i møtet om gjennomføring av undersøkinga og konklusjonane. Med på møtet var også dagleg leiar i BNU Tor Helge Eiken.

Utvalet fatta eit samrøystes vedtak.

Vedtak:

PØ-utvalet tek dokumenta frå Bjørnefjorden Næringsutvikling som melding. PØ-utvalet gjev ordførar og adm.sjef fullmakt til, i samarbeid med ordførarane og adm.sjefane frå dei andre eigarkommunane, å arbeida ut ein modell for framtidig utvikling og satsing på næringsutvikling i kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal fremjast for PØ-utval og kommunestyre for vedtak.

0023/05

BREIBAND TIL ROLVSVÅG - SPØRSMÅL OM KOMMUNAL GARANTI**Handsaming i møte:**

Utvalet fatta samrøystes vedtak i saka.

Vedtak:

PØ ber administrasjonen å fohandla fram kostnadsoverslag med aktuelle leverandørar og legge dette fram til politisk handsaming i andre møtet i PØ/kommunestyret komande haust.

0024/05

SØKNAD OM TILSKOT TIL PUMPEHUS FOR VATN TIL BUSTADER I REGULERINGSPLAN FOR DEL AV ÅDLAND**Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt for drøfting og mogleg vedtak.

Handsaming i møte:

Utvalet var samd i at det kunne gjevast støtte til oppsitjarane, og det vart fatta eit samrøystes vedtak som var fremja av Brigte Olav Gåsdal.

Vedtak:

Søknad om tilskot til pumpehus for vatn til bustadane i "reguleringsplan for del av Ådland" vert delvis støtta med kr 40.000 som eit eingongstilskot.

Summen vert dekkja inn på vassverkkapitlet i budsjettet, og førast på konto nr.

1.1601.3450.4700 tilskot

0025/05

TILLEGGSØYVINGAR 2005 - SAMNANGER KYRKJESTYRE**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kyrkjestyre får eit ekstraordinært driftstilskot for 2005 på kr 10.000.

Utgiftene vert å føra på post 1.1300.3900.4702 og dekkast ved bruk av tilleggsøyving frå konto nr. 1.1200.1800.4900.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdal sette fram slikt framlegg:

Samnanger kyrkjestyre (SK) får eit ekstraordinært driftstilskot for 2005 på kr 25.000.

Utgiftene skal førast på post 1.1300.3900.4702, og dekkast ved bruk av tilleggsøyving frå konto nr. 1.1200.1800.4900.

F.o.m. budsjettåret 2006 må SK følgja reglar og freistar m.m. i økonomireglementet til kommunen.

I møtet var det presisert at løyvinga også gjeld overskriding bårehus.

Ved alternativ røysting fekk adm.sjefen sitt framlegg ingen røystar, og framlegget frå Gåsdal vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kyrkjestyre (SK) får eit ekstraordinært driftstilskot for 2005 på kr 25.000.

Utgiftene skal førast på post 1.1300.3900.4702 og dekkast ved bruk av tilleggsøyving frå konto nr. 1.1200.1800.4900.

F.o.m. budsjettåret 2006 må SK følgja reglar og freistar m.m. i økonomireglementet til kommunen.

0026/05

BUDSJETTENDRINGAR 2005**Handsaming i møte:**

Utvalet drøfta saka. Det var semje om at kommunen skulle føra opp manglande mva-refusjon som krav til staten for å markera at staten har lovd kommunane kompensasjon.

Ordføraren sette fram eit framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Budsjettendringar 2005

Pensjonsfond på kr 757.000 vert omgjort til disposisjonsfond

Det vert gjennomført korrigeringar for fylgjande meirutgifter/mindre inntekter

Rammetilskot og skatt med til saman	kr 1.895.000
-------------------------------------	--------------

Lønsutgifter legekantor	kr 350.000
-------------------------	------------

Avsett til pensjon i kapitalrekneskapen	<u>kr 62.000</u>
---	------------------

Til saman	kr 2.307.000
-----------	--------------

Det vert føreteke korrigeringar på budsjettet for fylgjande meirinntekter/mindre utgifter

Auka inntekt konsesjonskraft	kr 750.000
Bruk av tidlegare års overskot	kr 638.000
Bruk av pensjonsfond/disposisjonsfond	kr 757.000
Innsparing av pensjon (fordelast på ulike driftspostar)	kr 662.050
Krav på staten mva-kompensasjon	kr 417.000
Til saman	kr 3.224.050
Avsett på disposisjonsfondet – øyremerkja mva-kompensasjon	kr 417.000
Avsett til tilleggsøyvingar	kr 500.050

0027/05

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - INE A. LIØEN.

Framlegg til vedtak::

Ine Andrea Liøen får eit tilskot til oppstart av hudpleiesalong på Lønnebakken på kr 12.000. Tilskotet vert å føra som utgift på konto nr. 1.1400.3251.4700 og finasierast ved bruk av næringsfondet.

Handsaming i møte:

Elin Liøen er mor til søkjar. Ho ba om å få vera ugild ved handsaming av saka, noko utvalet aksepterte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ine Andrea Liøen får eit tilskot til oppstart av hudpleiesalong på Lønnebakken på kr 12.000. Tilskotet vert å føra som utgift på konto nr. 1.1400.3251.4700 og finasierast ved bruk av næringsfondet.

0028/05

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET- GJERDE

Framlegg til vedtak::

Elin Hovland Gjerde får eit tilskot frå næringsfondet på kr 15.000 til delfinansiering i kjøp av utstyr. Utgiftene skal førast på konto nr. 1.1400.3251.

Handsaming i møte:

Elin Liøen er omgangsvenn med søkjar. Ho ba om å få vera ugild ved handsaminga noko som utvalet aksepterte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Elin Hovland Gjerde får eit tilskot frå næringsfondet på kr 15.000 til delfinansiering i kjøp av utstyr. Utgiftene skal førast på konto nr. 1.1400.3251.